

## Flytt Høgsterett til Bergen!

Landsmøtet i Senterungdomen vil styrkja maktspreiinga ved å flytte Høgsterett til Bergen, og sikra at den høgste domstolen i landet forstår heile Noreg ved at større mangfald i geografisk, kulturell og sosial bakgrunn skal vera eit mål ved tilsetjing av nye høgsterettsdommarar. Noregs Høgsterett er ikkje berre Oslo sin høgste rett. Høgsterett dømmer i saker som vedkjem heile Noreg. Det er den øvste domstolen i landet, som avgjer kva som er gjeldande rett når noko lovverket er uklårt og avgjer om norske lover eller internasjonale konvensjonar skal vega tyngst. Difor er det djupt problematisk at domstolen i dag er overveldande oslodominert.

I dag er 18 av 20 dommarar utdanna i Oslo, 17 har hatt storparten av yrkeslivet sitt der og 12 er oppvaksne i Oslo eller Bærum. Sidan Høgsteretten vart skipa i 1815, har berre fem dommarar teke hovudutdanninga si utanfor Oslo og berre to har vore nynorskbrukarar. Dette tyder ei form for strukturell diskriminering, som gjer at det alltid er dommarar med same bakgrunn som vert rekrutterte. Folk med lik bakgrunn tenkjer ofte likt. I dei utøvande og lovgjevande organa i Noreg er difor mangfaldig bakgrunn eit mål og eit krav. Valordninga vår sikrar at Stortinget har representantar frå heile landet, og folket ventar at Regjeringa har medlemmer med ulik sosial, geografisk og kulturell bakgrunn. Juss er ogso politikk, og Høgsterett har mykje makt. Det vil styrkja legitimiteten til den høgste domstolen i Noreg om det vert større mangfald i bakgrunn mellom dommarane. Me treng høgsterettsdommarar som skjønar livet både i Båtsfjord, Bærum og Bykle. Høgsterett skal ha ei sterk stilling og vera uavhengig frå den utøvande makta. Då kan det eit problem at veldig mange av dagens dommarar tidlegare har arbeidd i embetsverket i Oslo. 15 av 20 har arbeidd i Justisdepartementet eller hjå Regjeringsadvokaten. Ein viktig del av løysinga vil vera å flytta den lovtolkande makta ut av hovudstaden. Bergen er den nest største byen med det neste største juridisk miljøet, og er ofte i opposisjon til Oslo. Senterungdomen er alltid for å spreia makt, og vil difor flytta Høgsterett til Bergen.

Landsmøtet i Senterungdomen krev:

- At større mangfald i geografisk, kulturell og sosial bakgrunn skal vera eit mål ved tilsetjing av nye høgsterettsdommarar.
- At medlemmane i Innstillingsrådet for dommarar skal ha brei geografisk spreining og ulik fagleg bakgrunn. Alle dei juridiske utdanningsinstitusjonane skal vera representerte i rådet.
- At Noregs Høgsterett vert flytta til Bergen

Fråsegn frå Sogn og Fjordane Senterungdom